

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	<b>Vestland ungdomsutval</b>
<b>Møtestad:</b>	Hardangerfjord hotell, Hardangerfjordvegen 613, 5610 Øystese
<b>Dato:</b>	22.10.2021 - 23.10.2021
<b>Tid:</b>	Fredag 10:00 - 16.15 Laurdag 10:00 - 16.20

**Følgjande faste medlemer møte:**

Namn	Funksjon
Mia Holdhus	Leiar
Emilie Mortvedt Troland	Nestleiar
Synne Skulstad Birkhaug	Medlem
Mathilde Myklatun Hole	Medlem
Marius Helheim Ahmt	Medlem
Sander Aase	Medlem
Inger Christin Hystad Barane	Medlem
Emil Øvretveit	Medlem
Hallvard Olav Gjerland Lervik	Medlem

**Følgjande medlemer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Kommentar
Emilie Mortvedt Troland	Nestleiar	Fredag kl. 15:10-16:15

**Følgjande varamedlemer møte:**

Namn	Møtte for	Kommentar
Maren Sævild	Emilie Mortvedt Troland	Fredag kl. 15.10-16.15
Michal Niedzwiecki		
Tina Emilie Revheim		
Theodor Solheim Gjenga		
Ingrid Hjartåker Wigand Lien		

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Anne Koch Grønlien	Rådgjevar/møtesekretær

## Saksliste

Utvalls- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 13/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 14/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Vestland ungdomsutval 17.09.2021	2021/48457	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 27/21	Ny Handlingsplan for Universell utforming 2021-2025	2020/75953	
RS 28/21	Informasjon om ny idrettstrategi	2021/22868	
RS 29/21	Rapport om ungdomen sitt perspektiv på seksualpolitikk i framtida	2021/48457	
RS 30/21	Høyringsinnspel til arbeidet med Regional transportplan - Ei kort oppsummering	2020/36671	
RS 31/21	Program til nettverkssamling		
	<b>Politiske saker</b>		
PS 36/21	Innspel til yringsfridomskommisjonen	2021/48457	
PS 37/21	Innspel - høyring om ny opplæringslov og endringar i friskulelova	2021/48457	
PS 38/21	Spørsmål om reisetidsgaranti for elevar i vidaregåande skule	2021/48285	
PS 39/21	Evaluering av nærskulemodellen	2021/48284	
PS 40/21	Støtte til årets TV-aksjon		
PS 41/21	Ungdomskort på tog i heile Vestland		
PS 42/21	Oppretting av nasjonalt ungdomsråd		
PS 43/21	Varaane skal få dekkja reise, hotell og mat i anledning møtet		
PS 44/21	Deltaking på North Sea Commission Youth Conference i Belgia		

## Godkjenningssaker

### GK 13/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 22.10.2021

**Sander Eide Aase** gjorde framlegg om å sette følgjene saker på sakskartet:

- PS 40/21 Støtte til årets TV-aksjon
- PS 41/21 Ungdomskort på tog i heile Vestland
- PS 42/21 Oppretting av Nasjonalt ungdomsråd

Vestland ungdomsutval slutta seg samrøystes til dette.

**Mia Holdhus** gjorde framlegg om å sette følgjene saker på sakskartet:

- RS 31/21 Program til nettverkssamling
- PS 43/21 Varaane skal få dekkja reise, hotell og mat i anledning møtet
- PS 44/21 Kven skal delta på North Sea Commission Youth Conference i Belgia?

Vestland ungdomsutval slutta seg samrøystes til dette.

Innkalling og sakliste vart godkjent med merknadane over.

### GK 14/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i Vestland ungdomsutval 17.09.2021

Møteprotokoll frå møte i Vestland ungdomsutval 17. september 2021 er lagt ved saka.

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 22.10.2021

**Sander Eide Aase** sette fram følgjande framlegg:

Protokollen vert godkjend med følgjande endringar: I dei saker der Sander Eide Aase har sett fram forslag på vegner av Maren Sæviold og/eller Mia Holdhus må det presiserast at også Aase har stått bak framlegga.

Vestland ungdomsutval slutta seg samrøystes til dette.

Møteprotokoll frå møte 17.09.21 vart godkjent med merknaden over.

## Referatsaker

### RS 27/21 Ny Handlingsplan for Universell utforming 2021-2025

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 22.10.2021

Vart referert.

### RS 28/21 Informasjon om ny idrettstrategi

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 22.10.2021

Vart referert.

### RS 29/21 Rapport om ungdomen sitt perspektiv på seksualpolitikk i framtida

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 22.10.2021

Vart referert.

### RS 30/21 Høyringsinnspel til arbeidet med Regional transportplan - Ei kort oppsummering

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 22.10.2021

Vart referert.

RS 31/21 Program til nettverkssamling  
Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 22.10.2021  
Vart referert.

## Politiske saker

PS 36/21 Innspel til ytringsfridomskommisjonen

Forslag til vedtak

Vestland ungdomsutval kjem med følgjande innspel:

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 22.10.2021

Mia Holdhus sette fram slikt fellesforslag:

«Alternativ:

VU meiner at det er viktig at kommisjonen har fokus på korleis ein nyttar ytringsfridomen på digitale forum. Det handlar om at ein må passe på at ytringsfridomen blir ivareteke men at det samtidig ikkje går over i hets. Veldig mange barn og unge opplever at ytringsfridomen i dag er ein unnskyldning for å legitimere hatprat. Ofte ser ein at unge menneske tar etter vaksne menneske som bruker denne unnskyldninga, og derfor meiner me at noko av dei viktigaste er at ein gjev alle ei opplæring i ytringsfridom og korleis ta ytringsansvar. Mange unge opplev at ein vegrar seg for å løfta stemma fordi det er fort at ein får hets, som då blir legitimisert med at ein brukar ytringsfridomen. VU har eit ønskje om at det i skulen skal bli inkludert opplæring i korleis nytta ytringsfridom, og å vise at ein må ta ansvar for det ein sei og ha opplæring i grenser. VU har også ein kommentar til mandatet til kommisjonen, der det under punkt 3 i underpunkt 4 står at ein skal inkludere ulike grupper og synspunkt blant anna begge kjønn. Her meiner VU at det burde ha stått "alle kjønn" for å inkludere mangfaldet i samfunnet.»

### Avrøysting

Holdhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Uttale frå Vestland Ungdomsutval

VU meiner at det er viktig at kommisjonen har fokus på korleis ein nyttar ytringsfridomen på digitale forum. Det handlar om at ein må passe på at ytringsfridomen blir ivareteke men at det samtidig ikkje går over i hets. Veldig mange barn og unge opplever at ytringsfridomen i dag er ein unnskyldning for å legitimere hatprat. Ofte ser ein at unge menneske tar etter vaksne menneske som bruker denne unnskyldninga, og derfor meiner me at noko av dei viktigaste er at ein gjev alle ei opplæring i ytringsfridom og korleis ta ytringsansvar. Mange unge opplev at ein vegrar seg for å løfta stemma fordi det er fort at ein får hets, som då blir legitimisert med at ein brukar ytringsfridomen. VU har eit ønskje om at det i skulen skal bli inkludert opplæring i korleis nytta ytringsfridom, og å vise at ein må ta ansvar for det ein sei og ha opplæring i grenser. VU har også ein kommentar til mandatet til kommisjonen, der det under punkt 3 i underpunkt 4 står at ein skal inkludere ulike grupper og synspunkt blant anna begge kjønn. Her meiner VU at det burde ha stått "alle kjønn" for å inkludere mangfaldet i samfunnet.

### PS 37/21 Innspel - høyring om ny opplæringslov og endringar i friskulelova

Forslag til vedtak

Vestland ungdomsråd kjem med følgjande innspel:

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 22.10.2021

Mia Holdhus sette fram slikt fellesforslag:

«Alternativ:

VU gjev utval for opplæring og kompetanse fullmakt til å utarbeide eit innspel som blir sendt til fylkeskommunen innan fristen.»

#### **Avrøysting**

Holdhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Innspel**

VU gjev utval for opplæring og kompetanse fullmakt til å utarbeide eit innspel som blir sendt til fylkeskommunen innan fristen.

### **PS 38/21 Spørsmål om reisetidsgaranti for elevar i vidaregåande skule**

Forslag til vedtak

Vestland ungdomsutval gjev følgjande uttale:

#### **Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 22.10.2021**

**Sander Eide Aase** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

VU er svært positive til ein reisetidsgaranti. Me ynskjer at denne ikkje skal vera urimeleg høg.»

#### **Avrøysting**

Eide Aase sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Uttale**

VU er svært positive til ein reisetidsgaranti. Me ynskjer at denne ikkje skal vera urimeleg høg.

### **PS 39/21 Evaluering av nærskulemodellen**

Forslag til vedtak

Vestland ungdomsutval gjev følgjande uttale:

#### **Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 22.10.2021**

**Emil Kvebæk Øvretveit** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Alt for få elevar har fått skikkelig informasjon om nærskuleprinsippet. Det er viktig at elevar forstår korleis inntakssystemet i fylket fungerer. Dette er noko VU meiner kan forbeholdast til neste inntak. VU meiner idrettsfaglinjer burde holdast utanfor nærskuleprinsippet. Samstundes synast VU at det burde vere lovfesta rett på oppflytting frå fyrsteklasse vidaregåande til andreklasser vidaregåande. Dette er i dag ein praksis som til dels vert fulgt, men VU meiner den burde lovfestast for å sikrast som rett for alle fyrsteklasseelevar. Inntaksområdet Stor-Bergen er også problematisk, men her har ikkje VU uttale om ei særskilt løysing.»

#### **Avrøysting**

Kvebæk Øvretveit sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Uttale**

Alt for få elevar har fått skikkelig informasjon om nærskuleprinsippet. Det er viktig at elevar forstår korleis inntakssystemet i fylket fungerer. Dette er noko VU meiner kan forbeholdast til neste inntak. VU meiner idrettsfaglinjer burde holdast utanfor nærskuleprinsippet. Samstundes synast VU at det burde vere lovfesta rett på oppflytting frå fyrsteklasse vidaregåande til andreklasser vidaregåande. Dette er i dag ein praksis som til dels vert fulgt, men VU meiner den burde lovfestast for å sikrast som rett for alle fyrsteklasseelevar. Inntaksområdet Stor-Bergen er også problematisk, men her har ikkje VU uttale om ei særskilt løysing.

### **PS 40/21 Støtte til årets TV-aksjon**

#### **Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 22.10.2021**

**Mia Holdhus** sette fram slikt forslag:

«Framlegg:

VU donerar 10 øre per barn og unge under 18 år i Vestland fylkeskommune til årets TV-aksjon. I Vestland er det 136 349 barn under 18, som vil sei at VU donerar 13 635 kr.»

#### **Avrøysting**

Holdhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

VU donerar 10 øre per barn og unge under 18 år i Vestland fylkeskommune til årets TV-aksjon. I Vestland er det 136 349 barn under 18, som vil sei at VU donerar 13 635 kr.

### **PS 41/21 Ungdomskort på tog i heile Vestland**

#### **Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 22.10.2021**

**Sander Eide Aase** sette fram slikt forslag:

«Framlegg:

VU skal senda ein uttale til Skyss og SAMO om at Skyss Ungdomsbillett skal gjelda for lokaltog OG regiontog i heile Vestland. Det skal med andre ord vera mogleg å nyta billetten heilt til Finse. Flåmsbana må og gå inn i ordninga.»

#### **Avrøysting**

Eide Aase sitt vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

VU skal senda ein uttale til Skyss og SAMO om at Skyss Ungdomsbillett skal gjelda for lokaltog OG regiontog i heile Vestland. Det skal med andre ord vera mogleg å nyta billetten heilt til Finse. Flåmsbana må og gå inn i ordninga.

### **PS 42/21 Oppretting av nasjonalt ungdomsråd**

#### **Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 22.10.2021**

**Sander Eide Aase** sette fram slikt forslag:

«Framlegg:

VU skal senda ein uttale til fylkesordførar om at utvalet bed fylkestinget ta opp sak om opprettelse av nasjonalt ungdomsråd, ref. liknande vedtak gjort i Trøndelag Fylkesting 20.10.2021.»

#### **Avrøysting**

Eide Aase sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

VU skal senda ein uttale til fylkesordførar om at utvalet bed fylkestinget ta opp sak om opprettelse av nasjonalt ungdomsråd, ref. liknande vedtak gjort i Trøndelag Fylkesting 20.10.2021

### **PS 43/21 Varaane skal få dekka reise, hotell og mat i anledning møtet**

#### **Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 22.10.2021**

**Mia Holdhus** sette fram slikt forslag:

«Framlegg:

VU vedtek at varaar som møter på møtet i Øystese skal få dekka alt av kostnader knytt til møtet på lik linje som fast møtande medlem.»

**Avrøysting**

Mia Holdhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

VU vedtek at varaar som møter på møtet i Øystese skal få dekkja alt av kostnader knytt til møtet på lik linje som fast møtande medlem

**PS 44/21 Deltaking på North Sea Commission Youth Conference i Belgia****Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 22.10.2021**

Følgjande fellesforslag vart sette fram:

«Framlegg:

Mia og Emil blir valt til å delta på North Sea Commission Youth Conference i Belgia».

**Avrøysting**

Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Mia og Emil blir valt til å delta på North Sea Commission Youth Conference i Belgia.